

# **Arbeidsretten**

## **Verksemد**

**i**

**2006**

### **Innhaldsoversikt**

FORORD	s. 2
NOKRE NØKKELTAL	s. 3
1. KORT OM ARBEIDSRETTENS VIRKEOMRÅDE	s. 4
2. ARBEIDSRETTENS MEDLEMER OG PERSONALE	s. 7
3. SAKER OG SAKSBEHANDLING	s. 9
4. ANNA VERKSEMД	s. 15
5. VEDLEGG	
Vedlegg 1: Løpende samandrag av sakstal - årleg frå 1916	
Vedlegg 2: Statistisk oversikt for året 2006	
Vedlegg 3: Medlemer og varamedlemer i Arbeidsretten per 1. januar 2006	

## FORORD

Arbeidsrettens verksemdsrapport for 2006 inneholder i hovedsak den samme informasjonen som rapporten for 2005. Rapporten er delt i fire hoveddeler:

Del 1, Kort om Arbeidsrettens virkeområde, inneholder kortfatta informasjon om kva Arbeidsretten er og gjer.

Del 2, Arbeidsrettens medlemmer og personale, inneholder informasjon om samansetjinga av Arbeidsretten, personalet ved rettens kontor og nokre andre tilhøve.

I Del 3, Saker og saksbehandling, finst det informasjon om tilfanget av saker i løpet av året og om saksbehandlinga. Vidare blir det gitt samanfattande merknader om sakstal og saksbehandlingstid og beskriving av nokre utviklingstrekk.

Del 4, Anna verksemd, inneholder kortfatta informasjon om Arbeidsrettens bibliotek, rettens internasjonale kontaktar og nokre andre tilhøve.

I vedlegga finst det blant anna statistiske oversikter som kastar lys over saksutviklinga i Arbeidsretten frå det første virkeåret i 1916 og framover. I eigne vedlegg er det tatt inn oversikter over medlemer og varamedlemer av Arbeidsretten i 2006.

Oslo, 27. februar 2007

Elin Nykaas  
Arbeidsrettens leiar (kst.)

## NOKRE NØKKELTAL

(Tala for 1991-2000 er gjennomsnittstal for perioden)

	2006	2005	2004	2003	2002	2001	1991-2000
<b>Restanse ved byrjinga av året:</b>	<b>40</b>	37	37	45	38	36	19
<b>Nye saker komne inn i løpet av året:</b>	<b>36</b>	52	40	32	36	50	40
<b>Saker til behandling totalt:</b>	<b>76</b>	89	77	77	74	86	59
<b>Saker som blei avgjorte i løpet av året:</b>	<b>43</b>	49	40	40	29	48	39
<b>Saker som blei avgjorte ved dom eller rettsleg orskurd:</b>	<b>23</b>	21	19	19	17	27	19
<b>Restanse ved slutten av året:</b>	<b>33</b>	40	37	37	45	38	22
<b>Dagar med hovudforhandling:</b>	<b>29</b>	46	33	27	43	34	31 <sup>1)</sup>

Gjennomsnittleg behandlingstid  
for saker avgjorte ved dom  
eller rettsleg orskurd:

2006: 9 månader 20 dagar  
 2005: 10 månader 22 dagar  
 2004: 12 månader 19 dagar  
 2003: 15 månader 4 dagar  
 2002: 13 månader 3 dagar  
 2001: 8 månader 9 dagar  
 2000: 7 månader og 4 dagar  
 1991-  
 2000 6 månader 27 dagar

**Samanfattande merknader:** Talet på nye saker har gått ned i høve til dei to føregåande åra og ligger på same nivået som i 2002. Talet på avgjorte saker ligg omrent på gjennomsnittet av dei tre føregåande åra. Resultatet er ein nedgang i restansen frå 40 til 33 i løpet av året. Ein må tilbake til 1999 for å finne ein lågare restanse. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid blei redusert med 1 månad og to dagar frå 2005.

---

<sup>1)</sup> Gjelder 1995 – 2000.

## **1. KORT OM ARBEIDSRETTENS VIRKEOMRÅDE**

### **1.1 Grunntrekk**

Arbeidsretten er ein spesialdomstol for rettstvistar mellom organisasjonane i arbeidslivet om tariffavtaler og andre kollektivarbeidsrettslege spørsmål. Domstolen er lokalisert i Oslo og har heile landet som virkekrets. Arbeidsretten dømmer normalt i første og siste instans, slik at rettens avgjersler er endelige.

Arbeidsretten blei oppretta med verknad frå 1. januar 1916 med heimel i den første norske arbeidstvistloven av 1915. Behovet for ein slik særdomstol var først og fremst grunngjeve i at løysinga av tarifftvistar kravde rask behandling og særleg sakkunne. I dag er Arbeidsrettens verksemnd regulert av lov om arbeidstvister av 5. mai 1927 nr. 1 (*arbeidstvistloven*) og i nokon grad av lov om tjenestetvister av 18. juli 1958 nr. 2 (*tjenestetvistloven*).

### **1.2 Verkeområde**

*Kompetanseområdet til Arbeidsretten følgjer i hovudsak av arbeidstvistlovens § 7 nr. 2, jf. § 6 nr. 1 og 3 og § 4. Domstolen behandler for det første saker om ”gyldighet, forståelse eller beståen” av tariffavtalar og om ”krav som grunner seg på tariffavtale”. I dette ligg det også at saker om brot på tariffavtalar høyrer inn under retten sitt kompetanseområde. Også saker om brot på dei lovbestemte fredspliktreglane i arbeidstvistlovens § 6 nr. 3 jf. §§ 29 og 36 høyrer under Arbeidsretten. Vidare avgjer Arbeidsretten saker om erstatningsansvar for tariffbrot og ulovleg arbeidsstans.*

På de nemnde områda har Arbeidsretten *eksklusiv domsmyndighet*. Dette inneber at søksmål om slike spørsmål ikkje kan bringas inn for dei alminnelege domstolane.

Etter arbeidstvistlovens § 9 første ledd kan Arbeidsretten også treffe avgjerd i saker om *individuelle krav* som spring ut av ein arbeidsavtale, dersom avgjerda av desse krava følgjer direkte av domen i hovudsaka. Tvist om slike krav høyrer i utgangspunktet under dei alminnelege domstolar.

### **1.3 Samansetjinga av Arbeidsretten**

I kvar sak er Arbeidsretten sett saman av *sju dommarar* (arbeidstvistlovens § 10). To av desse er oppnemnde etter innstilling frå arbeidstakarorganisasjonar, og to etter innstilling frå arbeidsgivarorganisasjonar (sjå nærmere del 2 nedanfor). Leiaren og nestleiaren er embetsmenn i faste stillingar. Dei andre medlemene og varamedlemene blir oppnemnde for tre år om gongen, sist frå 1. september 2005.

### **1.4 Instansordninga**

I dei fleste saker er Arbeidsretten *første og siste instans*. Nokre få saker av lokal karakter blir behandla av tingrettane som *lokal arbeidsrett* (arbeidstvistlovens § 7 nr. 3, jf. § 26 b) i første instans. Avgjerdene deira kan ankast inn for Arbeidsretten. Saker som i utgangspunktet skulle ha vore behandla av lokal arbeidsrett, kan med samtykke av Arbeidsrettens leiar bringast direkte inn for Arbeidsretten (arbeidstvistlovens § 7 nr. 4).

Arbeidsrettens dommar og dei fleste andre slags avgjelder er *endelege* og kan difor ikkje påankast eller påkjærast (arbeidstvistlovens § 26 nr. 4). Ein dom kan likevel ankast til Høgsterett til oppheving på det grunnlag at saka ikkje hører under Arbeidsrettens domsmyndigheit. Enkelte typar orskurder og avgjelder kan påkjærast til Høgsteretts kjæremålsutval (arbeidstvistlovens § 26 nr. 3).

## **1.5 Publisering av avgjelder**

Arbeidsrettens dommar og andre viktige avgjelder har kvart år sidan starten blitt utgitte i bokform under tittelen *Dommer og kjennelser av Arbeidsretten*. Det er ennå ikkje avgjort om dommane for 2006 vil bli gitte ut i bokform. Dei same avgjerdene – også heilt tilbake til 1916 – ligg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no). Ved å ta kontakt med Arbeidsrettens kontor kan ein få tilsend utskrift av dei enkelte avgjerdene og teikne seg for mottak av avgjelder pr. e-post.

## **1.6 Adresser og kontaktinformasjon**

Arbeidsretten har *kontorlokale og rettssal* i Grensen 3, Oslo. *Postadressa* er: Arbeidsretten, postboks 8015 Dep, 0030 Oslo. Ein kan også vende seg til rettens kontor pr. *telefon* (23 10 01 40), pr. *telefaks* (22 42 36 42) og pr. *e-post* (kontor@arbeidsretten.no).

## 2. ARBEIDSRETTENS MEDLEMER OG PERSONALE

### 2.1 Arbeidsrettens medlemer og varamedlemer

I utgangspunktet er alle sju dommarane *faste medlemer* av Arbeidsretten. I tillegg har retten ein del *varamedlemer* som trer inn ved forfall blant dei faste dommarane. Varamedlemane trer også inn i visse saker etter nærmare føresegner i arbeidstvistlovens § 14 tredje ledd (sjå nedanfor, jf. også tjenestetvistlovens § 25), og dessutan når nokon av dei faste dommarane er ugild.

Tre av dommarane, blant dei leiaren og nestleiaren, blir oppnemnde av Kongen utan innstilling frå organisasjonane i arbeidslivet. Dei fire leke dommarane blir oppnemnde av Kongen etter innstilling frå organisasjonane på arbeidstakar- og arbeidsgivarsida etter nærmare reglar i arbeidstvistlovens §§ 10 og 11 og tjenestetvistlovens § 25. Retten blir sett saman med forskjellige lekdommarar avhengig av om han behandlar ei sak etter arbeidstvistloven eller tjenestetvistloven, og også avhengig av partssamansetjinga i den einskilde saka (arbeidstvistlovens § 14 tredje ledd, tjenestetvistlovens § 25).

To av dommarane - Arbeidsrettens leiar og nestleiaren - er knytte til Arbeidsretten som embetsmenn i full stilling. Resten av medlemene har tenesta som dommar i Arbeidsretten som verv eller bistilling.

Rettens leiar og nestleiar er sidan 2003 embetsmenn i fast stilling. Resten av dommarane blir oppnemnde for tre år om gongen.

Arbeidsrettens samansetjing ved inngangen til 2006 går fram av vedlegg 4, som viser *ei oversikt over faste medlemer og varamedlemer*. Arbeidsrettens nestleiar Jon Gisle hadde permisjon frå 9. mars 2006. Utgreiar Elin Nykaas vart konstituert i stillinga som nestleiar. Frå 21. desember vart Arbeidsrettens konstituerte nestleiar Elin Nykaas konstituert som leiar, samstundes som pensjonert lagdommar Gunvald Gussgard blei konstituert som nestleiar. Elles var det inga endring i samansetjinga av retten i 2006.

## 2.2 Domstolens personale

*Personalet ved Arbeidsrettens kontor* består av fire tilsette på heiltid.

Stillinga som Arbeidsrettens leiar var opphavleg - frå 1915 - ei bistilling, men er frå 1954 organisert som hovudstilling. Med verknad frå 1. september 1996 er også stillinga som Arbeidsrettens nestleiar ei hovudstilling. Frå 1997 har ein også ei fulltidsstilling som utgreiar ved Arbeidsrettens kontor. I tillegg er det ei kontortilsett og to til tre deltidstilsette protokollførarar.

Det faste personalet var i 2006:

*Arbeidsrettens leiar Tor Mehl*

Tlf. 23 10 01 41

E-post: [tormehl@arbeidsretten.no](mailto:tormehl@arbeidsretten.no)

*Arbeidsrettens nestleiar Jon Gisle*

Tlf. 23 10 01 43

E-post: [jon.gisle@arbeidsretten.no](mailto:jon.gisle@arbeidsretten.no)

*Arbeidsrettens konstituerte nestleiar Elin Nykaas*

(i Jon Gisles fråvere)

Tlf. 23 10 01 42

E-post: [elin.nykaas@arbeidsretten.no](mailto:elin.nykaas@arbeidsretten.no)

*Arbeidsrettens utgreiar Marita Lien*

Tlf. 23 10 01 43

E-post: [kontor@arbeidsretten.no](mailto:kontor@arbeidsretten.no)

*Arbeidsrettens sekretær, seniorkonsulent Kitty Norma Øen*

Tlf. 23 10 01 44

E-post: [kontor@arbeidsretten.no](mailto:kontor@arbeidsretten.no)

### **3. SAKER OG SAKSBEHANDLING**

#### **3.1 Innkomne saker, saker til behandling**

I 2006 kom det inn **36** saker til Arbeidsretten. Frå 2005 blei det ført over **40** saker som ikkje var avgjorte. I alt hadde Arbeidsretten såleis **76** saker til behandling i 2006.

Av de 36 sakene som kom inn i 2006, var det 33 ordinære stemningar til Arbeidsretten som første instans. Der kom ikkje inn ankesaker frå lokale arbeidsrettar. I tre saker blei det søkt om samtykke til å få bringe saka direkte inn for Arbeidsretten etter arbeidstvistlovens § 7 nr. 5.

*Talet på innkomne saker i 2006* (36) var lågare enn talet for nye saker i 2005 (52) og 2004 (40), men ligg på same nivået som i 2002. Dette viser at det er store svingingar frå år til år. Til tross for dette, synast talet for nye saker å være svært stabile over tid. For åra 1987-1996 var det gjennomsnittleg 39,8 nye saker kvart år. For perioden 1997-2006 var gjennomsnittstalet derimot 41,1. For dei siste fem åra er gjennomsnittstalet 39,2 nye saker kvart år. Om statistikk for dei enkelte åra og femårsperiodane, sjå vedlegg 1 og 2.

Av dei 36 sakene som kom inn til Arbeidsretten i 2006, fall 34 under *arbeidstvistloven*, mens to saker fall under *tjenestetvistloven*. Dei 34 sakene under arbeidstvistloven fordele seg med heile 13 saker som gjaldt kommunar, fylkeskommunar og verksemder med kommunal tilknyting, og 21 som gjaldt anna verksemd. Av desse 21 sakene var det ingen spesiell verksemd som peika seg ut. Det kan nemnast at 4 gjaldt *oljeverksemda i Nordsjøen*, noe som inneber ein markant nedgang frå dei to føregåande åra der høvesvis 18 saker i 2005 og 11 saker i 2004 gjaldt denne verksemda. Derimot har talet på saker med kommunal tilknyting auka dei to siste åra i forhold til tidlegare år.

Av dei 36 nye sakene dreidde fem seg om spørsmål *om aksjonar og arbeidskamp var rettmessige*. To av dei gjaldt ein varsla aksjon, dei andre gjaldt avslutta aksjonar. Ei av dei siste sakene blei heva som forlikt.

For øvrig gjaldt dei innkomne sakene i 2006 i alt vesentleg tvistar om tolking av tariffavtalar, og i noen grad vart det hevda brot på tariffavtalar. Som i dei føregående åra gjaldt den dominerande delen av sakene ulike typar spørsmål om løn og andre økonomiske ytingar, for ein del knytt til arbeidstidsspørsmål.

Talet på nye saker frå *offentlig sektor* (NAVO-området ikkje medrekna) var 15. Dette utgjorde 41,7 % av de nye sakene. Dette er noe høgare enn i 2005 (31), også høgare enn gjennomsnittet dei føregåande åra.

Frå *privat sektor* (medrekna NAVO-området) var talet for nye saker i 2006 21. Dette utgjorde 58,4 % av dei nye sakene.

*Saker mellom LO og NHO* med tilslutta organisasjonar utgjorde 16,7 % (6 saker) av alle nye saker i 2006. Inkludert saker med andre motpartar var NHO og tilslutta organisasjonar part i totalt 8 saker (22,3 %). LO med tilhøyrande forbund var part i totalt 25 saker (69,5 %).

Sakene som kom inn i 2006 fordeler seg elles mellom ei rekke partar og tariffrelasjonar. Av *arbeidstakarorganisasjonane* utanom LO var forbund tilknytt YS part i flest saker, til

saman 3 (8,4 %). Tala for Akademikerne og Unio var henholdsvis 2 (5,6 %) og 1 (2,8 %). Talet på saker som omfatta andre organisasjonar på arbeidstakarsida, var 5 (13,9 %).

På *arbeidsgiversida* utanom NHO var KS part i 12 saker (33,4 %). KS var med dette den arbeidsgivarorganisasjonen som var part i flest saker. NAVO var part i 8 saker (22,3 %), mens staten i 2006 som nemnt var part i to nye saker (5,6 %). Det same gjeld for Handelsnæringens Hovedorganisasjon, mens Norges Rederiforbund og Private Barnehagers Landsforbund var part i ein sak kvar (2,8 %). Tre av dei nye sakene i 2006 (8,4 %) gjaldt enkeltståande arbeidsgivarar, bland dei var Oslo kommune part i 1 sak (2,8 %).

*Det samla talet på saker til behandling i 2006* (76) var lågare enn i 2005 (89), men berre ei sak mindre enn i 2004 (77) og 2003 (77). Se vedlegg 1 og 2.

### 3.2 Avgjorte og overførte saker

I løpet av 2006 blei i alt **43** saker avgjorte. Det stod dermed att **33** saker som blei overførte til behandling i 2007.

Dei avgjorte sakene fordele seg *slik* (tala frå 2005 i parentes):

- 22 saker blei avgjorte ved dom (20).
- 1 sak blei heva etter rettsforlik eller forlik under hovudforhandling (4).
- 1 sak blei lagt vekk.
- 1 sak blei nekta brakt direkte inn for Arbeidsretten. (2)
- 18 saker blei heva som fråfalne eller forlikte av partane føre hovudforhandling (22).

*Talet på avgjorte saker i 2006* (43) var lågare enn i 2005, da 49 saker blei avgjorte, men ligg høgare enn dei føregåande åra, med unntak av 2001, og også høgare enn gjennomsnittet for tiårsperioden 1991-2000 (39).

Talet på saker som blei *avgjorte ved dom/orskurd* (unntatt hevingsorskurdar i saker som fell bort før hovudforhandling) og *rettsforlik* (totalt 23) var noe lågare enn i 2005 (25), men noko høgare enn for femårsperioden 2000-2004 (20,2).

Talet på saker som fall bort ved *hevingsorskurd før hovudforhandling* (19), var det same som i 2004, men lågare enn i 2005 (22).

*Talet på ikke avgjorte saker* (33) som i 2006 blei overførte til neste året, var det lågaste sidan 1999 (25). Gjennomsnittet for femårsperioden 2001-2005 var 39,4 saker, mens gjennomsnittet for perioden 1991-2000 låg på 22. Om disse forholda viser ein også til punkt 3.4 nedanfor.

### 3.3 Saksbehandlinga og saksbehandlingstida

I 2006 heldt Arbeidsretten i alt 68 *møte*, mot 96 møte i 2005. Møta fordele seg slik (tala for 2005 i parentes):

- 29 møte til hovudforhandling (46)
- 19 møte til rådslåing og avseiling av domar og orskurdar (20), og
  - 10 saksførebuande og andre møte (15).

I 2006 gjorde Arbeidsretten inga *reise* og heldt inga *hovudforhandling utanfor Oslo*.

Gjennomsnittleg faktisk *hovudforhandlingstid* for saker som blei behandla i 2006, var 1,26 dagar. Det tilsvarande talet for 2005 var 1,5 medan det i 2004 var 1,52 dagar. 12 av sakene blei behandla i løpet av ein dag, medan 7 av sakene gjekk over to dagar. Ei sak gjekk over tre dagar.

Talet for *møte til hovudforhandling* ovanfor er det *faktiske* talet på hovudforhandlingsdagar. Talet for *tillyste* hovudforhandlingsdagar i løpet av eit år vil regelmessig vere høgare. Også i 2006 var det slik at bortfall av tillyste saker i dei fleste tilfella fann stad så kort tid føre hovudforhandlinga at det ikkje let seg gjere å tillyse nye saker på dei same dagane. Det hender også at ei hovudforhandling blir tillyst over to dagar, men blir gjort unna på ein dag.

*Saksbehandlingstida* for saker som blei avgjorte i 2006 ved dom eller orskurd (utanom hevingsorskurd i saker som blei heva som fråfalne eller forlikte av partane før hovudforhandling), var i gjennomsnitt 9 månader og 20 dagar, rekna frå stemning kom inn. Saksbehandlingstida i 2006 blei dermed redusert sett i forhold til året før. I 2004 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida 12 månader og 19 dagar medan ho i 2003 var 15 månader og 19 dagar. Gjennomsnittet for perioden 1995-2000 var 6 månader og 27 dagar. Om desse tilhøva viser ein også til punkt 3.4 nedanfor.

### **3.4 Samanfatning og utviklingstrekk**

#### Talet på innkomne saker

*Talet på saker som kom inn til Arbeidsretten i 2006 (36), gjekk ned i 2006, i motsetnad til dei to føregåande åra (52 i 2005 og 40 i 2004) og er også lågare enn gjennomsnittstalet for innkomne saker i tiårsperioden 1991-2000 (40). Til samanlikning kom det inn 32 saker i 2003, medan det tilsvarande talet i 2002 var 36. Dette viser at det er store variasjonar mellom dei enkelte åra.*

#### Talet på saker til behandling per år

*Talet på saker til behandling har stabilisert seg på eit høgt nivå samanlikna med før (76 i 2006, 89 i 2005, 77 i 2004 og 2003, 74 i 2002 og 86 i 2001, men 59 i gjennomsnitt for åra 1991-2000). Desse tala utgjør summen av talet på saker som ikkje er avvikla som blei overførte frå året før, og talet på nye saker per år, og viser først og fremst utviklinga med omsyn til restansesituasjonen.*

#### Restansesituasjonen

Per 31. desember 2006 var *talet på restansar* (34) det lågaste sidan 1999. Gjennomsnittstalet for femårsperioden 2001-2005 var 39,4. Talet er framleis høgt samanlikna med det gjennomgåande nivået i tiårsperioden 1991-2000, der talet på restansar ved utgangen av året var 22. Det inneber i seg sjølv eit press på behandlingskapasiteten i retten i 2007.

#### Talet på avgjorte saker

*Talet på avgjorte saker i 2006 (43) ligg noko lågare enn i 2005 (49) medan det ligg høgare enn dei føregåande åra. Gjennomsnittstalet for femårsperioden 2001-2005 var 41,2. Til tross for til dels store variasjonar mellom dei enkelte år, har gjennomsnittstalet dei siste 10-15 åra stabilisert seg på rundt 40 avgjorte saker per år. Om tiltak for å auke saksavviklinga, viser ein til merknadane nedanfor.*

#### Saksbehandlingstida

*Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida* i saker som vert avgjorte ved dom eller rettsleg orskurd, eller som blir forlikte under hovudforhandling, har sidan 2004 blitt redusert og gjekk ytterlegare ned i 2006, då saksbehandlingstida var ni månader og 20 dagar. Ein er dermed på god veg mot målet om ei saksbehandlingstid på gjennomsnittsnivået for perioden 1991-2000 som var ca. sju månader.

Statistikken og dei tiltak som allereie er sette i verk peikar i retning av at saksbehandlingstida vil gå ytterlegare ned. Lågare restanse enn på mange år og opprettinga av ei tredje dommarstilling på heiltid, gir grunn til å forvente at saksbehandlingstida vil gå ytterlegare ned i 2007 og 2008. Spørsmålet om Arbeidsretten

vil lykkast i målsettinga si om ei saksbehandlingstid på ca. sju månader, avhenger imidlertid av omfanget av innkomne saker, som så langt i 2007 ligg omtrent på det normale.

## **4. ANNA VERKSEMD**

### **4.1 Arbeidsrettens bibliotek**

Arbeidsretten har eit omfattande fagbibliotek med hovudvekt på norsk og internasjonal arbeidsrettsleg litteratur. Biblioteket står til rådvelde også for brukarar utanfor retten. I 2006 blei det, som tidlegare år, gjort løpande nyskaffingar og registrering i ein eigen, søkbar database av både bøker og tidsskriftartiklar.

Ei oversikt over nytt tilfang i biblioteket blir regelbunde – som oftast ved slutten av året – gjeve gjennom ei tilvekstliste. Lista blir publisert for seg og sendt til interesserte adressatar.

### **4.2 Eksterne oppgåver og verv**

Ved sida av domstolsarbeidet har dei fulltidstilsette dommarane i Arbeidsretten ein del andre arbeidsoppgåver. Blant anna medverkar ein i lovgjevingsarbeid, både gjennom høringsfråsegner og på andre måtar, og ein held oppe internasjonale kontaktar på fleire felt.

Arbeidsrettens leiar, Tor Mehl, er sidan mai 2000 Council Member i European Association of Labour Court Judges, som er ein organisasjon for dommarar i alle domstolar som er sysselsette med arbeidsrettslege spørsmål innanfor EU- og EØS-området.

Arbeidsrettens kontor utfører det meste av det administrative arbeidet for Norsk Arbeidsrettslig Forening (NARF). Mehl er viseformann i foreininga og norsk vararepresentant i Executive Committee of the International Society for Labour and Social Security Law, som NARF er tilslutta. Elin Nykaas er sekretær for styret i NARF. Gisle er redaksjonssekretær for skriftserien til foreininga, *Arbeidsrett og arbeidsliv*.

Både den ordinære verksemda og eksterne aktivitetar fører med seg deltaking i internasjonale konferansar, seminar m.v. Arbeidsrettens leiar Tor Mehl og Arbeidsrettens konstituerte nestleiar Elin Nykaas deltok på eit sams møte mellom nordiske arbeidsrettsdomstolar i Stockholm 15. mai 2006. Nykaas deltok også på The Annual General Meeting of the European Labour Court Judges i Paris 3. september 2006. Nykaas og Arbeidsrettens utgreiar Marita Lien deltok på The XIVth Meeting of European Labour Court Judges i Paris 4. september og på The XVIII World Congress of Labour and Social Security Law i Paris 5.-8. september 2006.

### **4.3 Lokale og utstyr**

I 2006 blei dommarstolane i Arbeidsrettens retssal skifta ut. Det blei satt i verk arbeid med å opprette ei heimeside på internett for Arbeidsretten. Sidene forventast å vere operative i løpet av mars 2007.

### **4.4 Likestilling**

Med utgangspunkt i den lovbestemte plikta til å gjere greie for likestillingssituasjonen i eininga, nemner ein at det ikkje blei satt i verk likestillingsfremmende tiltak i 2006. Dette må sjåast i samanheng med at Arbeidsretten er ein liten og spesialisert verksemd. Blant

dei tilsette ved rettens kontor, som alle er tilsette på heiltid, var det ved starten av året to kvinner og to menn. Ved utløpet av året var det tre kvinner og to menn. Ei kvinne blei tilsett i midlertidig engasjement som utgreiar.

## Vedlegg 2

Arbeidsretten

## Statistisk oversikt for

året 2006

**A. Møte**

1. Offentlege møte til hovudforhandling: 29
2. Synfaringar: 0
3. Møte til rådslaing og domsavlesing: 19
4. Førebuande og andre møte: 10
5. Møte i løpet av året: 58

**B. Saker**

6. Saker overført fra 2005: 40
7. Saker innkomne i løpet av året: 36
8. Saker til behandling: 76

**C. Av desse er:**

9. Frafalne eller forlikte før hovudforhandling, heva ved orskurd: 19
10. Forlikte under rettsmøte, heva ved orskurd: 1
11. Overførte til lokal arbeidsrett, atvl. § 7 nr. 4: 0
12. Samtykke til direkte innbringning etter atvl. § 7 nr. 5 ikke gitt: 1
13. Avgjorte ved dom eller orskurd: 22
14. Sum avgjorte i løpet av året: 43
15. Sum saker som er førte over til 2007: 33

**Vedlegg 3**

**MEDLEMER OG VARAMEDLEMER AV ARBEIDSRETEN PER  
1. JANUAR 2006**

*I faste stillinger:*

*Arbeidsrettens leiar:* Tor Mehl, Oslo

*Arbeidsrettens nestleiar:* Jon Gisle, Drammen

Ved kongeleg resolusjon 24. juni 2005 blei desse oppnemnt som medlemer og varamedlemer av Arbeidsretten for perioden 1. september 2005 til 31. august 2008:

*Som fast medlem:* Pensjonert lagdommar Gunvald Gussgard, Bærum

*Som medlemer ved behandling av saker etter arbeidstvistloven:*

1. Yngve Hågensen, Ski
2. Tove Stangnes, Oslo
3. Karl Glad, Oslo
4. Julie Thaulow Rustad, Asker

*Som medlemer ved behandling av saker etter tjenestetvistloven:*

1. Odd Jørgen Sørensen, Modum
2. Berit Irene Tolg, Oslo
3. Kjell Otto Bjørnå, Bærum
4. Ingrid Haugen, Oslo

*Som varamedlemer:*

For Arbeidsrettens leiar Tor Mehl, nestleiar Jon Gisle og pensjonert lagdommar

Gunvald Gussgard:

1. Lagdommar Hedda Remen, Bærum
2. Pensjonert høgsterettsdommar Magnus Aarbakke, Asker
3. Pensjonert høgsterettsdommar Trond Dolva, Asker
4. Høgsterettsdommar Gunnar Aasland, Bærum
5. Høgsterettsdommar Liv Gjølstad, Oslo
6. Høgsterettsdommar Kirsti Coward, Oslo
7. Lagdommar Sveinung Koslung, Ski
8. Seniorrådgivar Hanne Inger Bjurstrøm, Oslo
9. Professor Asbjørn Kjønstad, Oslo

For Yngve Hågensen og Tove Stangnes:

1. Jan Kr. Balstad, Nesodden
2. Arnfinn Nilsen, Bamble
3. Hildegunn Brune, Stranda
4. Roger Andersen, Ullensaker
5. Esther Kostål, Oslo

6. Bjarne Wiik, Rælingen
7. Gerd Torkildson, Førde
8. Laila-Brith Josefsen, Fredrikstad
9. Toril Teigen, Stjørdal
10. Anne Lexow, Oslo
11. Ragnhild Brå Vardehaug, Trondheim
12. Åse Jakobsen, Hassel
13. Solrun Nygård, Nittedal
14. Roar Meland, Bærum
15. Lars Rasmussen, Bergen
16. Bjørn Ressem, Bærum
17. Arvid Skåren, Etnedal
18. Kenneth Hatteberg, Fjell
19. Kjell Sellevoll, Bergen
20. Anne Berit Tandberg, Lier
21. Elisabeth Franck Danielsen, Skien
22. Bjørn J. Laastad, Bergen
23. Gry Aarum Geitvik, Bærum
24. Anne Lise Gamst, Sarpsborg
25. Roger Johansen, Sarpsborg
26. Morten Fallstein, Bærum
27. Kaare-Ingar Sletta, Eidsberg
28. Svein Erik Andersen, Kristiansand
29. Audny Stenbråthen, Oslo
30. Lisbeth Hansen, Tromsø

For Karl Glad og Julie Rustad:

1. Tore Ulleberg, Stavanger
2. Knut Gaaseide, Skedsmo
3. Anne Viig Poulsson, Bærum
4. Jostein Gaasemyr, Harstad
5. Per Chr. Andersen, Sandefjord
6. Bente Svendsgam, Drangedal
7. Tore Berntsen, Søgne
8. Karin Hirth Thorsen, Sandnes
9. Anne Berg, Bodø
10. Jarl Harry Gjedrem, Stavanger
11. Anne Cathrine Moseng, Malvik
12. Svein Tore Valsø, Skien
13. Ann Kristin Hjortbakk, Oslo
14. Thor Boger, Ski
15. Hanne Haugsgjerd, Oslo
16. Kåre Agnar Syltebø, Oslo
17. Hilde Christensen, Stavanger
18. Birger Dag Strømsheim, Oslo
19. Anne Britt Nilsen, Oslo
20. Thorstein Larsen, Skedsmo
21. Sten Aage Østby, Oslo
22. Cathrine Lødrup, Bærum
23. Petter Kure Torgersen, Oslo
24. Inger Elisabeth Meyer, Asker
25. Ulf Henriksen, Nøtterøy

26. Marit Brevik, Oslo
27. Jan Lillevik, Bergen
28. Tom Sverre Vadholm, Oslo
29. Terje Borg, Klæbu
30. Malvin Nilsen, Andenes
31. Jorunn Marit Sandsdalen, Kristiansand
32. Yvonne Fosser, Oslo
33. Eivind Karstein Sporsem, Ålesund
34. Kjetil Høvde, Harstad
35. Gro Elisabeth Skjærvik, Stjørdal
36. Lillebil Tone Larssen, Oslo
37. Ola Arnstad, Oslo
38. Ingvar Hage, Østre Toten

For Odd Jørgen Sørengen og Berit Irene Tolg:

1. Gro Standnes, Oslo
2. Tore Annanlassen, Oslo
3. Beate Rødsand, Tønsberg
4. Gleny Louise Foslie, Malvik
5. Hans Spilde, Stavanger
6. Kristin Sletten, Hamar
7. Per Olav Fines, Steinkjer
8. Kåre Larsen, Askøy
9. Oddhild Synnøve Borge, Oppegård
10. Per Arne Didriksen, Fauske
11. Tor Tverre, Oslo
12. Arne Jørgen Olafsen, Oppegård
13. Målfrid Høyvik, Øvre Eiker
14. Andreas Nilsen, Salangen
15. Reidar Gaupås, Karmøy
16. Kari Carlson, Trondheim
17. Eva Nærby, Oslo
18. Tor Kristian Hansen, Frogn

For Kjell Otto Bjørnå og Ingrid Haugen:

1. Ingrid S. Høymark, Oslo
2. Tore Auberg, Oslo
3. Aase Skjebstad, Oslo
4. Jan Helge Pettersen, Oslo
5. Tone Westlie, Oslo
6. Sjurd Tveit, Oslo

